



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
18.03.2016  
Dykkar dato  
18.12.2015

Vår referanse  
2014/12724 421.4  
Dykkar referanse  
14/2635

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Lindås - gnr 102 bnr 8 - offentleg ettersyn reguleringsplan Bjørnestø småbåthamn - Vabø**

Vi viser til oversending av 18.12.2015 om offentleg ettersyn av reguleringsplan for Bjørnestø småbåthamn og dialogmøte med Lindås kommune 07.03.2016.

#### **Formålet med planarbeidet**

Planen opnar for å utvide eksisterande småbåthamn til 20 båtplassar med tilhøyrande fellesnaust, parkeringsplass og tilkomst til området via ny veg.

#### **Planstatus**

I arealdelen av kommuneplanen er det sett av eit område i sjø til småbåthamn. Den planlagte småbåthamna ligg delvis utanfor det avsette området. Veg, naust og parkeringsplass ligg i LNF-område i arealdelen av kommuneplanen og er ikkje i tråd med overordna plan.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Fylkesmannen si oppfatning er at det er stor forskjell på småbåthamna arealdelen av kommuneplanen legg opp til og det reguleringsplanforslaget som no er til offentleg ettersyn. Terrenginngrepet er vesentleg større enn det KPA legg opp til, sjølv om det er lagt vekt på at terrenginngrep i planområdet skal skje mest mogleg skånsamt. Slik Fylkesmannen ser det, vil det verte negative verknader på landskapet og fjernverknader frå sjøen. Planforslaget opnar også for ei nedbygging av strandsona i eit område med stort press.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at akseptkriteria i ROS-analysen er definert på ein tilfredstillande måte. Det er ikkje definert kva som er meint med omgropa knytt til sannsynlegheit og konsekvens. Analysen presiserer heller ikkje om det er tale om liv og helse, miljø eller materielle verdiar.

På bakgrunn av dette blei det avtalt eit dialogmøte med Lindås kommune.

#### **Dialogmøte**

Dialogmøte blei halde den 07.03.2016 i Statens hus.

Frå Lindås kommune møtte:

- Astrid Aarhus Byrknes – ordførar

- Arnold Matre – plan- og utviklingssjef
- Christian H. Reinhol – rådgjevar

Frå Fylkesmannen i Hordaland møtte:

- Lars Sponheim – fylkesmann
- Rune Fjeld – assisterande fylkesmann
- Egil Hauge – prosjektleiar, stab
- Arve Meidell – seksjonsleiar, KSA, plan og beredskap
- Hege Brekke Hellesøe – rådgjevar

### Småbåthamna på Bjørnestø

Fylkesmannen presenterte saka før merknadane frå Fylkesmannen blei drøfta. Kommunen var samd i at tiltaket på land ikkje er i tråd med kommuneplanen, men meinte samstundes at det har vore ein gjennomgåande tanke i arbeidsmåla i kommuneplanen at ein ved småbåtanlegg skal ha moglegheit til parkering, oppbevaring og enkle servicefunksjonar i tilknyting til anlegga. Fylkesmannen meinte at det burde vere mogleg å flytte parkering lengre vekk frå sjøen for å gje den eit mindre dominerande uttrykk og samstundes forkorte vegen. Kommunen meinte at plasseringa av parkeringsplassen er betre slik den ligg no mellom anna på grunn av at dette området var meir tilgrodd og mindre opent enn områda lengre vekk frå sjøen.

Fylkesmannen peika også på at området i sjø er merka med både småbåtanlegg ( $f_S$ ) og småbåthamn (SH). Kommunen presiserte at dei meinte at område merka som småbåthamn skulle vere ferdsel i sjø. Fylkesmannen rådde kommunen til å endre dette føremålet til ferdsel. Det vart konkludert med at kommune kunne behalde veg, naust og parkering slik dette er vist i plankartet.

### Risiko og Sårbarheit

Fylkesmannen presenterte kort problema med ROS-analysen og kommunen gjorde det klart at dei ønskja rettleiding for å rette opp i ROS-analysen. Det vart einigkeit om at kommunen skulle rette opp i ROS-analysen.

### **Fylkesmannen sine merknader etter møte**

Fylkesmannen meiner framleis at parkeringa ikkje treng å ligge heilt nede ved sjøen og rår kommunen å vurdere ei anna plassering av den.

### Risiko og sårbarheit

Akseptkriteria i ROS-analysen er ikkje definert på ein tilfredstillande måte. Det er ikkje definert kva som er meint med omgropa knytt til sannsynlegheit og konsekvens. Analysen presiserer heller ikkje om det er tale om liv og helse, miljø eller materielle verdiar. Dette må gjerast.

Pbl. § 4-3 krev at alle risikotilhøve skal vurderast. TEK 10 definerer kva som er akseptabel risiko på nokre område, mellom anna flaum og skred. På andre område må kommunen sjølv definere kva som er akseptabel risiko.

Vi viser her til rettleiarar frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) «*Samfunnssikkerhet i arealplanlegging – Kartlegging av risiko og sårbarhet*». Denne er tilgjengeleg på DSB sine nettsider [www.dsbn.no](http://www.dsbn.no). I tillegg må DSB sine nettsider om klimatilpassing nyttast. Her finn de informasjon om korleis klimatilpassing skal takast inn i planarbeidet, om spesifikke klimautfordringar (havnivåstiging, ekstremvær, flom, skred og

overvatn), om roller, ansvar og regelverk m.m.

<http://www.dsb.no/no/Ansvarsområder/Regional-og-kommunal-beredskap/Klimatilpasning/Klimatilpasning-i-plan2/Reguleringsplan/>.

Vi vil her poengtere at de ikkje må nytte ROS-vedlegget i reguleringsplanrettleiaren frå Miljøverndepartementet, då det ikkje er i samsvar med krava i TEK 10.

Vi viser til « NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger». Av denne går det fram at akseptkriteria skal definerast før sjølve ROS-analysearbeidet tek til. Akseptkriteria bør, sidan dei kan medføre økonomiske konsekvensar, vere forankra i kommunestyret. Vi viser i så måte til kommunelova §§ 44 og 45. Av praktiske omsyn kan det også vere naturleg å tenke lik prosess for ROS-analysar etter plan- og bygningslova som for ROS-analysar etter «sivilbeskyttelseslova», utdjupa i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

#### Planskildring

Fylkesmannen meiner at vurderingane kring verknaden av planen er mangelfulle og til dels feil. På side 11 står det mellom anna at «*Forslaget er ikke i konflikt med overordna plan*». Dette er ikke riktig. Verknaden av planen for til dømes landskap og friluftsliv er ikke drøfta på ein tilfredstillande måte. «*Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen*» er ikke nemnd eller vurdert. Sjølv om tiltaket er vurdert til å ikke krevje ytterlegere konsekvensutgreiing, er det likevel krav om at verknadene av planen skal vurderast jf. pbl. § 4-2. Vi rår kommunen til å sørge for at planskildringa vert retta opp og at sentrale tema vert drøfta før planen vert vedtatt.

#### **Konklusjon**

Fylkesmannen oppfattar etter dialogmøtet at det er semje om at Lindås kommune retter opp i ROS-analysen. Fylkesmannen rår i tillegg kommunen til å vurdere plasseringa av parkeringsplassen på nytt, endre føremål frå småbåthamn til ferdsel i sjø og å gjere endringar i planskildringa.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland e.f.  
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*